

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/23	Formannskapet	PS	08.06.2023
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-140	22/713

## Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn - Merknad frå Austrheim kommune

### Vedlegg:

Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn og høyring

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga under.

### Formannskapet - 054/23 - 08.06.2023

### FS - behandling:

Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (Krf) sa at dette er ei god uttale, Austrheim har god nytte av brua og dessutan er det mykje båttrafikk i leia der. Ordføraren sa seg eining i dette.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Formannskapet tilrår:

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga under.

### Saksopplysninger:

Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er no på offentleg ettersyn. Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd eit god detaljreguleringsplan for Fv. 565 Alversundbrua. På denne linken kan ein lesa plandokumenta:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/hoyring->

## [pa-reguleringsplan-for-alversundbrua](#)

### **Uttale frå Austrheim kommune til planforslaget Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua er:**

Austrheim kommune er positiv til at formålet med planen er å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god tryggleik for alle trafikantgrupper. Austrheim kommune ser på ny Alversundbru som svært viktig for heile regionen, og for ei positiv utvikling for innbyggjarane og næringslivet vidare. Dette er den viktigaste tilkomstvegen for mange i vår kommune, men og for folk i nabokommunen Fedje. Det er mange pendlarar frå Austrheim, Fedje, Alver og Bergenregionen som brukar denne fylkesvegen dagleg.

Austrheim kommune ber om at ferdselen på sjø og land vert mest mogeleg uforstyrra i anleggstida. Det er om lag 6.000 bilar som passerere her i døgnet. Denne strekninga er ein svært viktig del av Fv. 565 i Nordhordland. Den indre farleia er ein av dei meste trafikkerte skipsleiene i Norge, både for nyttetrafikken, men og for fritidsreisar med båt. Her går det mange yrkesbåtar heile døgnet. Skipsleia her er og viktig for passasjertrafikken som går med snøggbåtar til og frå Sogn- og Fjordane og Bergen. Austrheim kommune ber om at dette vert ivareteke i planarbeidet vidare.

Austrheim kommune ser fram til å få ei moderne bru over Alverstraumen og vonar at den kan verta bygd så fort som mogeleg. Austrheim kommune er glad for at planarbeidet er kome godt i gang, og synes planframlegget er godt gjennomarbeidd.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren viser til uttalen i saksutgreiinga og rår til at Austrheim kommune sender den inn til Alver kommune innan høyringsfristen som er satt til den 28.06.2023.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga.